



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1785 - 16/13624

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@radoy.kommune.no

Dato:
27.10.2016

Gbnr 132/3 Utkilen. Spørsmål om oppfølging av ikkje oppfylt buplikt på eigdommen.

I brev datert 23.07.2014 med referanse nr. 14/2170 – 14/8133, gav felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy konsesjon til Adrian D. Aase for overtaking av gbnr.132/3 Utkilen i Austrheim kommune.

Som vilkår for å få konsesjon vart det sett følgjande:

«Rådmannen set som vilkår for konsesjon at søkjar buset seg på landbrukseigdommen innan eit år og bebur eigdommen i minst 5 år. Heimel for vilkår er Konsesjonslova § 11.»

Det ligg no føre søknad frå Adrian Aase om fritak frå buplikta. Søknaden er datert 5/10 – 2016. Og grunngjevinga er at hus på bruket ikkje er i slik stand at dei kan nyttast som bustad.

Slik landbrukskontoret forstår konsesjonslova no, kan ein ikkje lenger søke om fritak frå buplikta. Noko av bakgrunnen for endringa i lova sist, var nettopp at dei endelause søknadane om fritak frå buplikta skulle ta slutt.

§16 i lova står det litt om på kva måte ein skal kunne følgje opp saka når vilkåra for å få konsesjon ikkje vert oppfylt:

- Tvangsmulkt
- Tekkje konsesjon tilbake
- Krevje at eigdommen vert lagd ut for sal til nokon som kan oppfylle vilkåret

Søker har eigd eigdommen i to år. Det går ikkje fram om han i desse åra har teke skritt for å setje hus på eigdommen i stand. Landbrukskontoret har ikkje vore på synfaring enno.

No ynskjer ein å få rettleiing frå Fylkesmannen om korleis ein skal gripe denne saka an på beste måte. Både med tanke på eigaren, men og for å finne ut kva handlingsrom ein har i slike saker innafor lova.

Vedtaket om konsesjon følger vedlagt, saman med søknad om fritak til orientering for Fylkesmannen.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Eli Bjørklid
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Adrian Aase

Åstveitskogen 6 5113

TERTNES

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN